



Lovvedtak 58

(2013–2014)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 223 L (2013–2014), jf. Prop. 68 L (2013–2014)

I Stortingets møte 12. juni 2014 ble det gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i opplæringslova, privatskolelova og folkehøgskoleloven (leksehjelp m.m.)

I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgende endringer:

§ 2-12 tredje ledd skal lyde:

For private grunnskolar gjeld også §§ 2-2, 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd, 2-9, 2-10, 2-11, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6, kapittel 9a, §§ 10-1, 10-2, 10-6, 10-6a, 10-9, 11-1, 11-2, 11-3, 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-7a, 13-10, 14-4, 15-3 og 15-4.

§ 3-1 femte ledd nytt fjerde punktum skal lyde:

Kravet om sakkunnig vurdering gjeld ikkje for elevar med rett til særskild språkopplæring etter § 3–12.

§ 3-1 nytt ellevte og tolvte ledd skal lyde:

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Lovføresegna i tredje ledd om at retten må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem, alternativt seks år, gjeld ikkje her.

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Ungdom som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett

til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.

§ 4A-1 nytt tredje ledd skal lyde:

Det er eit vilkår for rett til grunnskoleopplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Dei som er over opplæringspliktig alder, og som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til grunnskoleopplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til grunnskoleopplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.

§ 4A-3 nytt syvende og åttende ledd skal lyde:

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter § 3-1 første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten

gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring.

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Vaksne som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel ikkje rett til opplæring etter denne paragrafen.

§ 5-5 andre ledd skal lyde:

Skolen skal *ein gong i året* utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. *Utviklinga til eleven skal vurderast ut frå måla som er sette i den individuelle opplæringsplanen til eleven.* Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen eller fylkeskommunen.

§ 13-1 første ledd andre punktum skal lyde:

Ansaret gjeld ikkje elevar og andre som fylkeskommunen har ansaret for etter §§ 13-2, 13-2 a og 13-3a.

Ny § 13-2 a skal lyde:

§ 13-2 a. *Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for grunnskole- og vidaregåande opplæring i fengsel*

Fylkeskommunen har ansaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring etter denne lova for innsette i fengsel innanfor vedkommande fylkeskommune.

Når opplæringa skjer i fengsel, skal kriminalomsorga sørgje for nødvendige lokale til formålet.

§ 13-3 fjerde ledd oppheves.

§ 13-3 nåværende femte og sjette ledd blir nye fjerde og femte ledd.

§ 13-5 oppheves.

§ 13-7 a første ledd skal lyde:

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort følgende endringer:

§ 7-1c oppheves.

§ 7-1e første ledd skal lyde:

Skolen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

III

I lov 6. desember 2002 nr. 72 om folkehøyskoler blir det gjort følgende endringer:

Ny § 6 skal lyde:

§ 6. *Politiattest*

Styret ved den enkelte folkehøyskole avgjør om de som skal tilsettes fast eller midlertidig ved skolen, må legge fram politiattest med tilsvarende innhold som er nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Styret ved skolen vurderer i så fall konsekvensene av eventuelle merknader på politiattesten i den enkelte tilsettingssak.

Nåværende §§ 6 til 8 blir nye §§ 7 til 9.

IV

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.

Olemic Thommessen

president